



**Breheimen Nasjonalparkstyre**

Skjåk/Leikanger 04.10.2015

Sogn og Fjordane /Oppland

[FMSFPOST@FYLKESMANNEN.NO](mailto:FMSFPOST@FYLKESMANNEN.NO)

[FMOPPOST@FYLKESMANNEN.NO](mailto:FMOPPOST@FYLKESMANNEN.NO)

## **Høyringsuttale – forvaltningsplan for Breheimen nasjonalpark**

Forvaltningsplanen for Breheimen (FVP) har mange gode element, men sidan det stadig er nye utfordringar i innkøyringsfasa for ein nasjonalpark, bør planen reviderast etter 3 – 5 år i starten. Etter kvart som planen går seg til kan ein vurdere lengre intervall.

Til dømes er det allereie naudsynt at planen nemnar kva ein skal gjere med El-syklar og dei forskjellige dronetypar som finst, eit døme på behov for å omtale nye utfordringar. Kiting / skisegling er også døme på nyare aktivitetar som er nemnt i planen men som kanskje har behov for hyppigare revidering enn kvart 10.år. Ein kan også nytte delvis revidering av utvalde planområder.

### **Forvaltning av grottene i Breheimen**

Grottene i Breheimen Nasjonalpark (BNP) er til dels unike for Sør-Noreg, og må difor nemnast spesielt. Det er registrert over 50 grotter i verneområdet, og grotter har no blitt ein raudlista naturtype. Dummdalsgrottene er til dels unike i Sør – Noreg, spesielt Spiralgrotta som er ein grotte som det knapt finst maken til i Noreg. Det er gjort fleire naturhistoriske og kulturelle funn i Dummdalen, og området har stor biologisk verdi. Dette er ikkje teke med i kartet over kulturminner i BNP. Fleire tusen turistar besøker grottene kvart år, difor er Dummdalen blant dei viktigaste innfallsportane til Breheimen.

Innlemming av grottevern i nasjonalpark er uvanleg i Sør-Noreg, sidan dei aller fleste grottene er i Nord-Noreg. Ein bør derfor hauste erfaringar frå Nordnorske nasjonalparker med mange grotter, t.d. Lomsdal-Visten.

Samstundes er Dummdalen det mest sårbare området i Breheimen, og behovet for ”Trafikkreglar” og skjøtselstiltak i området har vore skrikande dei siste 10 – 15 åra.

I FVP s 41 står det at det er registrert negative konsekvensar frå ferdsel i grottene, her bør ein leggje til forsøpling og bolting/tau/stige/installasjonar i grottene. Manglande ansvar for installasjonane gjev også ein sikkerheitsrisiko – til dømes nyttar turistane no tau som er utslitne og sær usikre.

I forvaltningsplanutkastet s 110 står det at det bør arrangerast møter med reiselivsnæringa årleg for å få godt samarbeid. Dette bør endrast til ”minst ein gong i året”, og at ein tek opp problematikk og oppdateringar rundt forvaltning av grottene som fast post på desse møta.

Kanskje er det best med eigne, faste møter for å møte behovet for ein betre forvaltning av grottene, der ein både informerer om grottefagleg kunnskap og kjem fram til tiltak som kan bidra til å bevare grottene som eit urørt naturelement så langt som det er råd.



Møta bør vera lagt opp med gjensidig informasjonsutveksling slik at dei som nyttar området både får fagleg påfyll og samstundes kjem med attendemelding om vernebehov og forslag til tiltak. Nasjonalparken bør omtale grottene spesielt på Internett, med spesielt fokus på vernetiltak, farer i grottene, oppdateringar på fagleg nytt og vernetiltak/-erfaringar. Folk bør oppfordrast til å gje attendemelding på vernetiltak og funn av søppel / tagging slik at ein kan få større merksemd på dette. Kvar einiskild av dei mest besøkte grottene bør omtalast med fagstoff, sårbarheit og faremoment.

Sidan grottene er den mest sårbare innfallsporten til Breheimen, bør området besøkast oftare av SNO.

Spiralgrotta er spesielt omtalt i FVP, og det er forslag om å stenge denne. Fysisk stengsel av denne grotta er eit drastisk tiltak som kan vera vanskeleg å forsvare juridisk. Det er truleg nok å fjerne installasjonane i denne grotta (3 stiger og 4 tauområde), og måle effekten av tiltaket gjennom å montere ein ferdsels-tellar (evt besøksbok?) i grotta. Dette er i tråd med FVP s.52 der det står at ein ikkje skal gjere meir omfattande tiltak enn det som er naudsynt, samt side 109 som nemner ”..enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.”

FVP s.56 skriv om ”G8 (Sveitserosten)”. Dette er ikkje ein grotte men eit grotteområde med tre grotter: Smutthullet, Orgelpipa og Hannes grotte. Teksten bør difor endrast. ”Sveitserosten” ligg mellom G6 (Jotunhallen) og Spiralgrotta. Sidan det er snakk om 3 grotter blir det lett rot i nummereringa, difor er det vanleg at berre G1-G6 omtalast med både nummer og namn. Her bør det ryddast opp slik at planen fylgjer vanleg omtale av grottene. Uansett blir det feil å kalle Sveitserosten for G8 sidan G1-G6 – nummereringa er fortløpande opp Dummdalen og Sveitserosten kjem før Spiralgrotta. Ut frå tekst på grottekartet for FVP burde ”G7”, ”G8” og ”G9” erstattast av hhv ”Sveitserostgrottene”, ”Spiralgrotta” og ”Dummhøgrotta/Katedralen”.

Når det gjeld Dummhøgrotta/Katedralen ser det ut til at bruken av denne har auka noko dei aller siste åra. Også der har det no komme faste installasjonar i form av eit nytt, fastmontert klatretau med fleire borefestar, og stislitasjen til grotta har auka. Teksten for Dummhøgrotta FVP s.56 bør difor endrast noko og ta stilling til kva ein skal gjere med installasjonar og slitasje også her. Denne grotta er forholdsvis stor, og både forskningsmessig verdifull, sårbar og vakker.

Vidare bør FVP kanskje også ha planar for dei andre grottene i Breheimen (Trongdalsgrottene, Geitåggrottene, Hestbregrotta, Buanosgrottene mm), med vernestatus og tiltak. Det bør utarbeidast eit register over grottene på linje med andre register over raudlista element i norsk natur. Eit godt register også for dette naturelementet kan lette oversikten i arbeidet med vern og vernetiltak.

Det er bra at FVP vil fjerne gamal, kvitmalt merking til grottene. Det bør samstundes også lagast ein plan for kva ein skal gjere for å fjerne all riping/tagging i grottene. Mykje kan fjernast berre med stiv børste og vatn.

Trass alt er det grottane som har dei største vernemessige utfordringane i BNP.

## Andre kommentarar til forvaltningsplanutkastet:

På side 7 står det at planen er utarbeidd i samarbeid med Fagleg rådgjevande utval (FRU). FRU har brukt såpass liten tid på denne omfattande planen at denne setninga bør anten omformast eller strykast. Samarbeid om eit såpass omfattande prosjekt krev langt meir enn eit alt for stutt møte som berre omfatta små utsnitt av planen.



På side 113 er ein målestasjon/mast v/ Glommens og Laagens Brukseierforening omtala. Denne masten er fjerna for lenge sidan og kan strykast i planen.

Forvaltningsplanen bør nemne spesielt at piggråd ikkje skal nyttast i verneområda. Bruken av piggråd er framleis utbreidd i landbruket, og tiltak for å fjerne dette kjem ikkje i gang.

Planen gjev rom for å nytte kjemiske plantevernmidde (Roundup og liknande) til skjøtsel og stubbebehandling i landskapsvernområda (LVO) (s.76, 77, 162.) Bruken av kjemiske midde er ikkje godt utreda med omsyn til langsiktige konsekvensar av nedbrytingsprodukt. I alle verneområda i Breheimen bør ein difor ikkje tillate bruk av kjemisk plantevern / ugrasmidde.

Master i beitebruk (s.83) bør ikkje tillatast, ein bør nytte satelittbaserte løysingar i staden. Dette gjeld også sikrings-/naudsamband i verneområda. Ein ser at utbygging av naudnett i verneområda omfattar stor inngrep som ikkje er naudsynte sidan ein i staden kan nytte satelittbasert samband.

På side 108 har ein glømt Bøverton i oppstillinga av betjente overnattingsstader like utanfor BNP. Lengre ned på sida er det referanse til kart over grottene i Dummdalen, dette bør endrast til "Oversikt over dei mest besøkte grottene i Dummdalen"

På side 119 er det omtale av bommen ved vegen Høydalsseter / Bukkebotn. Her bør det nemnast kven som skal ha nøkkel til denne bommen, slik at det ikkje blir for mykje biltrafikk i dette villreinområdet med kulturminner.

### **Om kap 3.2 Anna friluftsliv og 3.5 Hytter, stølshus osv.**


I eit vedtak våren 2015 om løyve til å legge om ei turrute og å byggje ei ny bru, var det sett krav om at brua skal vere av impregnert material. Dette er eit merkeleg vilkår, særleg i eit område med så mykje malmrik fure som i Øvre Ottadalen.

Impregnert material er neppe til nemneverdig skade for livet i naturen. Men det er eit negativ signal dersom så naturfjern material, som er så giftig at vraka delar er spesialavfall, vert brukt i byggverk eller andre installasjonar i verna natur. Her bør den ideologiske og praktiske standarden vere høgere. Kulturhistorisk er det eit moment at impregnert material i vanleg handel er av dimensjonar som ligg fjernt frå det som var nytta i lokal byggjeskikk (eit krav i pkt. 3.5.1), dersom det med lokal byggjeskikk er meint tradisjonell skikk i distriktet. Utvalde emne av fure, som dei fleste mindre sagbruk kan levere, varer også lenger enn saltimpregnert trelast, som er laga av emne som slett ikkje er robust mot røte.

### **Om kap. 3.9 Motorferdsel**

Det er bra at FVP på side 128 om motorferdsel skriv "Det vert ikkje gitt løyve til rein persontransport" Dette bør følgjast strengt opp i praksis, sidan det nyleg vart gjeve løyve til helikoptertransport av personell til stimerking ved Kamperhamrane vest i BNP.

Generelt blir det gjeve for mange løyve til motorferdsel i nasjonalparkane, her bør ein vera meir kritisk før søknader blir innvilga. Auke i motorferdsel etter at nasjonalparken vart oppretta er uheldig og ein treng såleis å sjå på kva type bruk som aukar mest og om denne kan endrast til det betre, dvs redusert bruk av motorisert ferdsel for å redusere auken totalt. Tekniske anlegg bør prøve å nytte løysingar som ikkje krev bruk av t.d helikopter, dersom dei teknisk kan løyses på andre måtar, t.d bruer og klopper som må flyttast på i sesongene, satelittbaserte løysingar framfor master m.m.



Handtering av motorferdsel i dei verna områda har fått eit stort kapittel som truleg dekkjer dei fleste aktuelle bruksområda for maskinell framkomst. På dette punktet verkar planen grundig og i tråd med forvaltningsmålet som er referert på side 126. Vi trur retningslinene for forvaltning og bruk kan løyse oppgåvene på ein balansert måte dersom forvaltninga legg til grunn ein restriktiv bruk av retningslinene i konkrete saker, i tråd med det overordna målet om å halde omfanget av motorferdsel så lågt som mogleg.

Det står vidare i forvaltningsmålet på side 126 at motorferdsla ”bør ikkje auke i forhold til omfanget på vernetidspunktet”. Dei opplysningane vi har fått, er at trafikken har auka i tida etter vernevedtaket. Dersom dette er korrekt, er det ei utvikling som ikkje kan halde fram. Etter verneføresegna for nasjonalparken skal ålmenta ha høve til

*”uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging”.*


Ein ting er at det naturvenlege friluftslivet ikkje kan ha motorisert framdrift på sjølve turen. Vi ser nå mange stader at motoriserte hjelpemiddel i større grad vert brukt for å opprette og halde ved like tradisjonell og enkel tilrettelegging som varding, merking og utlegging (om våren) og fjerning (om hausten) av bruer. Vi ser òg nokre stader at det kjem ønskje om utbetring av stiar, ofte maskinell, for at dei skal vere enklare å gå, og ønskje om øvingskøyring for redningsgrupper. Helikoptertransport for å utføre slike oppdrag er relativt dyrt, og vi ser ikkje vekk frå at det kan finnast personar som er interesserte i å gjere arbeidet ved å ta seg fram til fots, dersom dei kan få pengane i staden for helikopterselskapet.

Etter vår oppfatning bør også slike tiltak vere avgrensa av regelen om ”lita grad av teknisk tilrettelegging”. Også formuleringa ”å ta vare på eit villmarksprega naturområde” i føremålet med Breheimen nasjonalpark taler for ei streng avgrensing av tiltak som modifierer villmarkspreget ved tilrettelegging for enklare framkomst.

At ålmenta skal ha høve til å oppleve naturen, krev i seg sjølv ikkje tiltak for å gjere dette enklare for dei som tykkjer den villmarksprega naturen vert for vanskeleg. Forvaltninga av nasjonalparkar og landskapsvernområde er ikkje eit reiselivsprosjekt.

På denne bakgrunnen er det vår oppfatning at dersom tiltak for å gjere friluftslivet lettare krev motorisert ferdsl, bør forvaltningsplanen kople denne sida til spørsmålet om kor vidt meir tilrettelegging trengst. Det er ofte slik at nye tiltak kvar for seg ikkje er nemneverdig til skade. Men over litt tid kan utviklinga ende i ein situasjon som er i strid med føremålet med vernet.

Nasjonalparkforvaltninga bør passe på at bruk av motorisert framkomst ikkje aukar som konsekvens av tilrettelegging i terrenget og tiltak for å få fleire inn i dei verna områda. Forvaltningsplanen burde



ha eit eige kapittel om dette emnet, som vi ikkje kan sjå er omtala i utkastet. Eit alternativ er kanskje å ta emnet inn under kap. 3.2 Anna friluftsliv.

## Småfeil:

Honnsrøve naturreservat er omtalt som "Hønnsrøve" på s 8.

Ein bør kanskje også opplyse om verneform fortsett er naturreservat for dette området, sjølv om det er innlemma i Breheimen nasjonalpark.

Nedst på s.76 "Det kan søkjast .... etter søknad"

Nedst på s.174: "Verneforskrifta gjeld kunn"

Med venleg helsing

Ole Morten Fosli  
FNF-koordinator Oppland

Elisabeth Dahle  
FNF-koordinator Sogn og Fjordane

Følgjande organisasjonar støtter høyringsuttalen:

Naturvernforbundet i Nord-Gudbrandsdal og Oppland  
Tom Ording Dahl

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Erik Solheim, rådgjevar

Sogn og Fjordane turlag, SFT  
Ron Overdevest, leiar naturvernutvalet

Norges Jeger- og Fiskerforbund, NJFF Oppland

Norsk Ornitologisk Forening, NOF Oppland

Oppland Orienteringskrets

Gudbrandsdalen Speiderkrets

Vest-Oppland Speiderkrets